

### **Sak 3 Årsmelding kommunestyregruppa Sogndal SV 2023**

Kommunestyregruppa fram til konstitueringa etter valet 11.september:

- Vibeke Johnsen, gruppeleiar, kommunestyret, formannskapet og varaordførar
- Anna Hamre, kommunestyret og utval for levekår
- Oddbjørn Bukve, kommunestyret og nestleiar plan- og forvaltingsutvalet, til mai 2021
- Mari Husabø, kommunestyret og utval for samfunnsutvikling
- Gjøri Skjerdal, kommunestyret frå mai 2021

Gjøri Skjerdal, Heidi-Kathrin Osland og Jan Sigurd Haugen har møtt i kommunestyret

Kontrollutvalet: Heidi-Kathrin Osland

Den store saka i våren 2023 var lokalisering av skule i Sogndal sentrum. SV arbeidde for ei løysing med skule på Trudvang og fleirbruks- og basishall, men SP og H fekk fleirtal for felles løysing på Trudvang.

Gruppa har hatt eit særst godt samarbeid, og er takksame for at vi fekk vere kollegaer med Oddbjørn Bukve og nyte godt av hans kunnskap, erfaring og engasjement.

Kommunestyregruppa etter konstitueringa etter valet 11.september:

- Vibeke Johnsen, gruppeleiar, kommunestyret og formannskapet
- Anna Hamre, kommunestyret og Utval for plan og samfunn (permisjon frå oktober 2023)
- Inga Henjum Halsnes, kommunestyret og Utval for levekår
- Mari Husabø, kommunestyret og Utval for levekår

Ole Marius Folkestad og Jan Sigurd Haugen har møtt i kommunestyret.

Kontrollutvalet: Jan Sigurd Haugen

Oppstarten av den nye perioden har vore prega av at mykje er nytt for mange. Det har vore gjennomført to nyttige dagar med folkevaltprogram. Prosessen med val av dei seks råda starta godt, men vart rotete gjennomført. Gruppa vår markerte sterk støtte til å halde fram med Innvandrarråd.

Vi fekk gjennomslag for pilot med auka grunnbemanning i barnehagen i Sogndal i budsjettmøtet i desember. Vi jobba med saka frå barnehagebesøk i valkampen, i finansutvalet, i dialog med dei andre partia og vi har fått god tilbakemelding på arbeidet.

Saka om skule i sentrum og fleirbruks- og basishall kom opp att i desembermøtet, og var krevjande for oss. Vi enda med å røyste for eit samla prosjekt på Trudvang, trass i usikkerheit om det var rett med samla prosjekt.

Gruppa har elles markert seg godt, med innlegg og framlegg i kommunestyret og utvala. Samarbeidet i gruppa er særst godt.

Kommunestyregruppa takkar styret for godt samarbeid, varamedlemmane for gode innhopp og medlemmane for heiarop og gode innspel.